




Kultur- og Kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200704683-5/640/RSKA

Dykkar ref.:

Bergen, 28. september 2007

Knutepunktoppdrag - notat til fråsegn

Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune hadde saka føre i møte 25.09.07, sak 96/07, og det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

- ”1. Hordaland fylkeskommune er samd i at ei innstramming av kriteria for knutepunktoppdrag vil kunna medverka til ei revitalisering, slik at knutepunktinstitusjonane i større grad vil kunna få den rolla nasjonalt og regionalt som dei var tiltenkte.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at institusjonane og må målast på korleis dei inngår i nettverk og deler kompetanse, ikkje berre med andre knutepunktinstitusjonar, men og med andre kulturaktørar og styresmaktar.
3. Det er avgjerande at vurderingsprosessen skjer i forpliktande dialog mellom statlege, regionale og lokale styresmaktar. Ein knutepunktinstitusjon er ei samsatsing mellom alle forvaltningsnivåa. Det er ikkje statlege styresmaktar åleine som skal dela ut knutepunktoppdrag eller fatta einsidig avgjerd om kva institusjonar som skal ha slik status.
4. Hordaland fylkeskommune ber departementet om å arbeida vidare med og utdjupa korleis evalueringsprosessen skal leggst opp slik at samarbeidet vert gjensidig forpliktande og sikrar innverknad frå alle partar.”

Kopi av saksførelegg med særutskrift ligg ved.

Venleg helsing

Ronny B. Skaar
kontorsjef / nestleiar